

VIDAREFØRING AV FØREMÅL FRÅ KPA 2004 OG KDP BREMANGERBYGDA 2007, rev. 19.03.2024

I tabellane under er byggjeområde og område for spreidde bustader/fritidsbustader frå KPA 2004 og kommunedelplan Bremangerbygda 2007 som ikkje er realiserte, vurdert opp mot gjeldande nasjonale, regionale og kommunale føringar. Føremålet i ny arealdel (KPA 2022) går fram av oversikta.

Areal som ikkje vert vidareført, eller areal som er utbygde (ikkje opna for nye einingar) er ikkje vurdert.

Innhald

1.	LS35 Spreidde bustader og fritidsbustader Grotle	2
2.	B1 Byggjeområde bustadar Hauge, nord for Bremangerhallen	3
3.	LS26 Spreidde bustader og fritidsbustader indre Hauge, nord for fv 5706	4
4.	LS27 Spreidde bustader og fritidsbustader indre Hauge, sør for Fv 5706	6
5.	LSB2 Spreidde bustader Fossestranda	7
6.	S9 Spreidde bustader og fritidsbustader Eikeset/Ryland	9
7.	LS7 Spreidde bustadar og fritidsbustadar Nødset	10
8.	BFT2 Flytande hytter, Bukta	11
9.	LSF33 Spreidde fritidsbustader Murvika, Berle	13
10.	B20 Bustadfelt og LSB77 Spreidde bustader Beita, Berle	14
11.	BAB39 Anna byggjeområde Berle	15
12.	BFR15 Fritidsbustader, Berle	16
13.	BKB4 Byggjeområde fritidsbustader Smørhamn	17
14.	LS15 Spreidde bustadar og fritidsbustadar Endal	18
15.	LSF50 Spreidde fritidsbustadar, Endalsetra	19
16.	LSF38 Spreidde fritidsbustader, Dombestein	20
17.	LSB90 Spreidde bustadar, Dombestein	21
18.	LSB94 Spreidde bustader Rekevika, Ålfoten	23
19.	LSF43 Spreidde fritidsbustader Førsetra, Ålfoten	24
20.	BAB104 og BAB105 Anna byggjeområde Ålfoten	25
21.	LSF40 Spreidde fritidsbustader Dalset, Ålfoten	26
22.	LSB99 Spreidde bustader Ytrehus	27
23.	LS23 Spreidde bustader og fritidsbustader Myklebust	28
24.	LSB101 Spreidde bustader Sørgulen	29


1. LS35 Spredde bustader og fritidsbustader Grotle



Utsnitt Kommunedelplan (KDP) Bremangerbygda 2007



Utsnitt kommuneplan, arealdelen (KPA) 2022, til 3.gongs offentlig høring



Utsnitt kommuneplan, arealdelen (KPA) 2022, endra etter 3.gongs offentlig høring.

Plan	Kommunedelplan Bremangerbygda 2007	Arealdel kommuneplan 2022-2034
Føremål	Spreidde bustader, SB1	Spreidde bustader og fritidsbustader, LS 35 og LS36, spreidde bustadar LSB103-104
Areal	74 daa	22,4 daa
Omfang	7 bustader	6 bustader/fritidsbustader


Vurdering

Nasjonale mål og føringar	Jordvern	Jordlova er gjeldande. Fritidsbustadtomtar må plasserast utanfor dyrka jord.
	Strandsone	Fylkesvegen utgjer grense mot funksjonell strandsone
	Natur	Ingen spesielle verdiar registrert.
	Naturfare	Skredfare er kartlagt. TEK 17 er gjeldande for nye tiltak.
	Areal og transportplanlegging	Gangavstand til Hauge sentrum, med skule/barnehage, butikk etc.
	Barn og unge	Gangavstand til skule og nærmiljøanlegg, idrettshall. God tilgang til nærfriluftsliv.
Kommunale mål og føringar	Arealstrategi	Mål om attraktive tomtar og opning for både bustader og fritidsbustader.
	Kjerneområde landbruk	Utanfor definert kjerneområde.


Konklusjon

Føremålet LNF med spreidd bygging vert vidareført med justerte areal. Opning for både bustadar og fritidsbustadar i samsvar med arealstrategi. Krav i føresegnene om at fritidsbustadar ikkje skal tillatast på dyrka eller dyrkbar jord.

2. B1 Byggjeområde bustadar Hauge, nord for Bremangerhallen



Utsnitt KDP Bremangerbygda 2007



Utsnitt KPA 2022 etter 3.gongs høyring

Plan	Kommunedelplan Bremangerbygda 2007	Arealdel kommuneplan 2022-2034
Føremål	Byggjeområde for bustader, B1	Byggjeområde for bustader, B105
Areal	16,5 daa	10 daa
Omfang	Ikkje definert tal einingar	3 nye einingar

Vurdering

Nasjonale mål og føringar	Jordvern	4 daa fulldyrka jord og 6 daa overflatedyrka. Arealet er brattlendt og er ute av drift.
	Strandsone	Ikkje relevant
	Natur	Ingen spesielle verdiar registrert.
	Naturfare	Skredfare er kartlagt. TEK 17 er gjeldande for nye tiltak.
	Areal og transportplanlegging	I Hauge sentrum, med skule/barnehage, butikk etc.
	Barn og unge	Gangavstand til skule og nærmiljøanlegg, idrettshall. God tilgang til nærfriluftsliv.
Kommunale mål og føringar	Arealstrategi	Mål om attraktive tomter og fortetting i tettstadane
	Kjerneområde landbruk	Utanfor definert kjerneområde.


Konklusjon

Byggjeområdet vert vidareført med redusert areal, og avgrensa til 3 einingar. Krav om detaljregulering.

3. LS26 Spreidde bustader og fritidsbustader indre Hauge, nord for fv 5706



Utsnitt KDP Bremangerbygda 2007



Utsnitt KPA 2022

Plan	Kommunedelplan Bremangerbygda 2007	Arealdel kommuneplan 2022- 2034
Føremål	Spreidde bustader (eks), Spreidde fritidsbustader, SFB2	Spreidde bustader og fritidsbustader, LS 27
Areal	33 daa	87 daa
Omfang	9 fritidsbustader	Ingen nye tomtar/einingar


Vurdering

Nasjonale mål og føringar	Jordvern	Jordlova er gjeldande. Fritidsbustadtomtar må plasserast utanfor dyrka jord.
	Strandsone	Fylkesvegane (616 og 5706) og eksisterande bygnad utgjer grense mot funksjonell strandsone langs sjø og Dalevatnet.
	Natur	Ingen spesielle verdiar registrert.
	Naturfare	Skredfare er kartlagt. TEK 17 er gjeldande for nye tiltak.
	Areal og transportplanlegging	Gangavstand til Hauge sentrum, med skule/barnehage, butikk etc.
	Barn og unge	Gangavstand til skule og nærmiljøanlegg, idrettshall. God tilgang til nærfriluftsliv.
Kommunale mål og føringar	Arealstrategi	Mål om attraktive tomtar og opning for både bustader og fritidsbustader.
	Kjerneområde landbruk	Utanfor definert kjerneområde.

Konklusjon

Føremålet LNF med spreidd bygging vert vidareført med justert areal for å slå saman fleire delområde. Ikkje opna for nye tomtar/einingar.

4. LS27 Spredde bustader og fritidsbustader indre Hauge, sør for Fv 5706



Utsnitt KDP Bremangerbygda 2007



Utsnitt KPA 2022

Plan	Kommunedelplan Bremangerbygda 2007	Arealdel kommuneplan 2022-2034
Føremål	Spredde bustader, SB3, og spredde fritidsbustader, SFB1	Bustadområde (B98), Spredde bustader og fritidsbustader, LS 26
Areal	103 daa	39,4 daa (12,5+26,9)
Omfang	15 bustader+15 fritidsbustader	2 bustader i B98

Vurdering

Nasjonale mål og føringar	Jordvern	Jordlova er gjeldande.
	Strandsone	Byggjegrænse fylgjer eksisterande bygnad. Ikkje nedbygging av funksjonell strandsone.
	Natur	Ingen spesielle verdiar registrert.
	Naturfare	Ikkje skred- eller flaumfare.
	Areal og transportplanlegging	Gangavstand til Hauge sentrum, med skule/barnehage, butikk etc.
Kommunale mål og føringar	Barn og unge	Gangavstand til skule og nærmiljøanlegg, idrettshall. God tilgang til nærfriluftsliv.
	Arealstrategi	Mål om attraktive tomtar, og opning for både bustader og fritidsbustader.

	Kjerneområde landbruk	Utanfor definert kjerneområde.
--	--------------------------	--------------------------------


Konklusjon

Del av SFB1 som i aust er utbygt med bustader blir vist som eksisterande LNF-område for spreidd utbygging, LS26. Vestre del av området vert vist som eksisterande byggjeområde, med avgrensing mot sjø. Opning for fortetting med to einingar.


5. LSB2 Spreidde bustader Fossestranda



Utsnitt KDP Bremangerbygda 2007



Utsnitt KPA til 3.høyring



Endring etter 3.gongs offentleg høyring

Plan	Kommunedelplan Bremangerbygda 2007	Arealdel kommuneplan 2022- 2034
Føremål	Spreidde bustader (eks), næring N	Byggjeområde bustader, B102 og 103.
Areal	33,6 daa	21,5 daa

Omfang	Ny næring og spreidde bustader, utan føresegner	3 bustader
--------	-------------------------------------------------	------------


Vurdering

Nasjonale mål og føringar	Jordvern	Omfattar ikkje dyrka jord eller innmarksbeite
	Strandsone	Funksjonell strandsone er avgrensa av eksisterande bygnad. Byggjegrense vert sett til 60 m.
	Natur	Ingen spesielle verdiar registrert.
	Naturfare	Ikkje registrert skred- eller flaumfare.
	Areal og transportplanlegging	Utanfor gangavstand til Hauge sentrum. Nær fylkesveg og kollektivtilbod.
Barn og unge	Sykkelavstand til skule og nærmiljøanlegg, idrettshall. God tilgang til nærfriluftsliv. Styrking av eksisterande bustadmiljø.	
Kommunale mål og føringar	Arealstrategi	Mål om attraktive tomtar nær strandsone. Oppretthalde reint bustadføremål, i strid med arealstrategien.
	Kjerneområde landbruk	Utanfor definert kjerneområde.

Konklusjon

Føremålet LNF med spreidd bygging vert vidareført med justert areal for å slå saman fleire delområde, og vert endra til byggeområde bustader. Det er primært bustadhus i området, og området har karakter som bustadområde. Opna for fortetting med 2 nye bustadar.

6. S9 Spreidde bustader og fritidsbustader Eikeset/Ryland



Utsnitt KPA2004 til venstre, og KPA2022 til 3.høring i midten, endring etter 3. høring til høgre.

Plan	Arealdel til kommuneplan 2004	Arealdel kommuneplan 2022-2034
Føremål	Spreidde bustader, SB14, og byggeområde bustad, B.	Spreidde bustader og fritidsbustader, LS9
Areal	215 daa	12,4 daa
Omfang	6 bustader + byggeområde	3 bustader/fritidsbustader

Vurdering

Nasjonale mål og føringar	Jordvern	Jordlova er gjeldande. Fritidsbustadtomtar må plasserast utanfor dyrka jord.
	Strandsone	Fylkesvegen utgjer grense mot funksjonell strandsone
	Natur	Ingen spesielle verdiar registrert.
	Naturfare	Ikkje registrert skredfare. Flaumfare langs Stokkåa er ivareteke gjennom byggjegrænse.
	Areal og transportplanlegging	Utanfor gangavstand til Hauge sentrum. Nær fylkesveg og kollektivtilbod.
	Barn og unge	God tilgang til nærfriluftsliv. Styrking av eksisterande bustadmiljø.
Kommunale mål og føringar	Arealstrategi	Mål om attraktive tomter og opning for både bustader og fritidsbustader.
	Kjerneområde landbruk	Utanfor definert kjerneområde.

Konklusjon

Føremålet LNF med spreidd bygging vert vidareført, med svært avgrensa utstrekning mot sør. Byggeområde bustader vert inkludert i føremålet. Opning for både bustadar og fritidsbustadar i samsvar med arealstrategi. Krav i føresegnene om at fritidsbustadar ikkje skal tillastast på dyrka eller dyrkbar jord. Maks 3 nye einingar.

7. LS7 Spreidde bustadar og fritidsbustadar Nødset



Utsnitt KPA 2004



Utsnitt KPA2022

Plan	Arealdel til kommuneplan 2004	Arealdel kommuneplan 2022-2034
Føremål	Spreidde bustader og fritidsbustader, SBF7	Spreidde bustader og fritidsbustader, LS6, LS7 og LS8, ingen nye einingar.
Areal	120 daa	56 daa
Omfang	8 bustader/fritidsbustader	Ingen nye tomtar/einingar

Vurdering

Nasjonale mål og føringar	Jordvern	Jordlova er gjeldande.
	Strandsone	Kommunal veg utgjer grense mot funksjonell strandsone. Byggjegrænse fylgjer føremålsgrænse.
	Natur	Ingen spesielle verdiar registrert.
	Naturfare	Området er avgrensa mot potensiell skredfare. Flaum-/erosjonsfare langs bekkar er ivareteke gjennom byggjegrænse langs elv/bekk.
	Areal og transportplanlegging	Utanfor gangavstand til Hauge sentrum.
	Barn og unge	God tilgang til nærfriluftsliv. Styrking av eksisterande bumiljø.
Kommunale mål og føringar	Arealstrategi	Mål om attraktive tomter og opning for både bustader og fritidsbustader.
	Kjerneområde landbruk	Utanfor definert kjerneområde.


Konklusjon

Føremålet LNF med spreidd bygging vert vidareført med justert areal mot nord og sør for å unngå skredfare etc. Bustadområde i nord og sør vert vist som eksisterande spreidd bygnad, og byggjeområde ved Ryland skule vert inkludert. Ingen nye tomter/einingar.

8. BFT2 Flytande hytter, Bukta



Utsnitt KPA2004 til venstre og KPA2022 til 3.gongs høyring til høgre.



Endra område etter 3.gongs høyring


Plan	Arealdel til kommuneplan 2004	Arealdel kommuneplan 2022-2034
Føremål	Anna byggjeområde (næring) – flytande hytter	Fritids- og turistformål, BFT2 (eksisterande og framtidig)
Areal	Ca 500 m2 + 500 m2	Ca 10 daa
Omfang	3 einingar	Ingen nye einingar

Vurdering

Nasjonale mål og føringar	Jordvern	Tiltaka vert plassert i sjø.
	Strandsone	Området vert avgrensa mot nord, då strandsone i nord vert vurdert å kunne ha ein viss verdi for friluftsliv.
	Natur	Ingen spesielle verdiar registrert.
	Naturfare	TEK 17 er gjeldande for nye tiltak.
	Areal og transportplanlegging	Utanfor gang- og sykkelavstand til tettstader. Vegtilkomst, og transport via bil og båt.
	Barn og unge	God tilgang til nærfriluftsliv.
Kommunale mål og føringar	Arealstrategi	<i>Arealaldelen skal leggje til rette for at etablerte turistverksemdar skal ha naudsynt areal for å oppnå ønska vekst dei neste 10 åra. Behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar, t.d. satsing på reiseliv og turisme, skal vektleggjast ved vurdering av tiltak i 100 m-beltet. Sjøretta reiselivsanlegg, som t.d. rorbuer for utleige, bør samlast og lokalisert i tilknytning til anna utbygging, i område som er regulert til føremålet eller der det ikkje er i konflikt med allmenne interesser</i>
	Kjerneområde landbruk	Utanfor definert kjerneområde.

Konklusjon

Miljødepartementet godkjende 08.09.2005 eitt byggjeområde for flytande hytter i Bukta, og meinte i tillegg at kommunen kunne vedta eit byggjeområde i tilknytning til eksisterande flytande hytte, med opning for ei flytande hytte til. Byggjeområdet som vart godkjent av departementet er ikkje utbygt. Området er avgrensa mot nord, i høve departementet si godkjenning i 2005, på grunn av krava til strandsoneforvaltning og at dette området kan ha ein viss verdi for friluftsliv. Fortøyingar ned til 25 m djupne inngår i føremålet.



Utklipp frå flyfoto

9. LSF33 Spreidde fritidsbustader Murvika, Berle



Utsnitt KPA2004 til venstre og KPA 2022 til høyre.

Plan	Arealdel kommuneplan 2004	Arealdel kommuneplan 2022-2034
Føremål	Spreidde fritidsbustader, SF15	Spreidde fritidsbustader, LSF 33
Areal	32 daa	24 daa
Omfang	4 (2 bygt ut)	2 fritidsbustader


Vurdering

Nasjonale mål og føringar	Jordvern	Jordlova er gjeldande. Fritidsbustadtomtar må plasserast utanfor dyrka jord.
	Strandsone	Fylkesvegen utgjer grense mot funksjonell strandsone
	Natur	Ingen spesielle verdiar registrert.
	Naturfare	Skredfare er kartlagt. TEK 17 er gjeldande for nye tiltak.
	Areal og transportplanlegging	Ligg i tilknytning til eksisterande fritidsbustad.
	Barn og unge	God tilgang til nærfriluftsliv.
Kommunale mål og føringar	Arealstrategi	Mål om å konsentrere hyttebygging i felt.
	Kjerneområde landbruk	Utanfor definert kjerneområde.

Konklusjon

Føremålet LNF med spreidde fritidsbustadar vert vidareført med ei mindre justering av areal for tilpassing til dagens situasjon. Krav i føresegnene om at fritidsbustadar ikkje skal tillast på dyrka eller dyrkbar jord.


10. B20 Bustadfelt og LSB77 Spreidde bustader Beita, Berle



KPA 2004



KPA2022



Endra etter 3.høyring

Plan	Arealdelen kommuneplan 2004	Arealdel kommuneplan 2022-2034
Føremål	Byggjeområde bustad og spreidde bustader, SB12	Byggjeområde bustad, B20 og spreidde bustader, LSB 77
Areal	107 daa	60 daa
Omfang	5 + udefinert i byggjeområdet	7 (4 + 3)

Vurdering

Nasjonale mål og føringar	Jordvern	Jordlova er gjeldande.
	Strandsone	Fylkesvegen utgjer grense mot funksjonell strandsone
	Natur	Ingen spesielle verdiar registrert.
	Naturfare	Skredfare er kartlagt. TEK 17 er gjeldande for nye tiltak.
	Areal og transportplanlegging	Fortetting av eksisterande bustadfelt og bygnad.
	Barn og unge	Utanfor gangavstand til skule. God tilgang til nærfriluftsliv.
Kommunale mål og føringar	Arealstrategi	Mål om attraktive tomtar i alle bygdelag.
	Kjerneområde landbruk	Utanfor definert kjerneområde.

Konklusjon

Føremåla er i hovudsak vidareført, med ein større reduksjon av areala etter 3.gongs offentleg høyring.

11. BAB39 Anna byggjeområde Berle



Utsnitt KPA2004 til venstre og KPA2022 til høgre.

Plan	Kommunedelplan Bremangerbygda 2007	Arealdel kommuneplan 2022- 2034
Føremål	Anna byggjeområde, eksisterande	Anna byggjeområde, BAB39 og BAB40
Areal	24 daa	24 daa
Omfang	Ikkje definert.	4 + 1 naust

Vurdering

Nasjonale mål og føringar	Jordvern	Utbyggt areal, jf. AR5
	Strandsone	Strandsona er i stor grad nedbygd. Fortetting med naust vil ikkje påvirke landskap, natur- eller kulturmiljø eller høvet til allmenn ferdsel og friluftsliv i vesentleg grad, og vil redusere utbyggingspress på andre areal i strandsona. Fellesareal ved båthamn VS11 må skjermast for utbygging. Byggjegrænse for naust 2 m for å sikre ferdsel langs fjæra.
	Natur	Ingen spesielle verdiar registrert.
	Naturfare	Skredfare er kartlagt. Stormflo. TEK 17 er gjeldande for nye tiltak.
	Areal og transportplanlegging	Nausttomtar i tilknytning til bustadområde gjev reduser transportbehov.
Barn og unge	Byggjegrænse på 2 m sikrar ferdsel og opphald langs fjæra.	

Kommunale mål og føringar	Arealstrategi	Mål om attraktive tomter og opning for både bustader og fritidsbustader.
	Kjerneområde landbruk	Utanfor definert kjerneområde.

Konklusjon

Anna byggeområde vert vidareført, med opning for fortetting med 5 naust.

12. BFR15 Fritidsbustader, Berle



Utsnitt KPA2004



Utsnitt KPA2022



Endra etter 3.gongs høyring

Plan	Arealdel kommuneplan 2004	Arealdel kommuneplan 2022-2034
Føremål	Byggeområde fritidsbustadar	Byggeområde fritidsbustadar, BFR15
Areal	29 daa	17,5 daa
Omfang	Udefinert	3 fritidsbustader og 3 naust

Vurdering

Nasjonale mål og føringar	Jordvern	Ikkje dyrka eller dyrkbar jord, ikkje innmarksbeite.
	Strandsone	Eksisterande fritidsbustadar utgjer grense mot funksjonell strandsone.
	Natur	Ingen spesielle verdiar registrert.
	Naturfare	Skredfare er kartlagt. Aktsemdsområde flaum vert ivareteke gjennom byggjegransar langs elv. TEK 17 er gjeldande for nye tiltak.
	Areal og transportplanlegging	Utanfor gangavstand til sentrumsfunksjonar. Fortetting av eksisterande fritidsbustad.
	Barn og unge	God tilgang til nærfriluftsliv.
Kommunale mål og føringar	Arealstrategi	Mål om attraktive hyttetomtar for auka aktivitet og trivsel.
	Kjerneområde landbruk	Utanfor definert kjerneområde.

Konklusjon

Føremålet byggeområde for fritidsbustader vert vidareført med ei mindre justering av arealet. Fortetting med tre nye fritidsbustader og tre naust i tilknytning til eksisterande naust.

13. BKB4 Byggeområde fritidsbustader Smørhamn



Utsnitt KPA2004 til venstre og KPA2022 til høgre.

Plan	Arealdel kommuneplan 2004/ Utbyggingsplan Smørhamn planid. 2005.01	Arealdel kommuneplan 2022- 2034
Føremål	Byggeområde fritidsbustadar	Kombinert bygnad, BKB4
Areal	81 daa	72 daa
Omfang	Ikkje definert. 7 einingar bustad/fritidsbustad i utbyggingsplan, ein utbygt.	3 fritidsbustader, 6 einingar bustad/fritidsbustad.

Vurdering


Nasjonale mål og føringar	Jordvern	Ikkje dyrka eller dyrkbar jord, ikkje innmarksbeite.
	Strandsone	Eksisterande fritidsbustadar og fylkesveg utgjer grense mot funksjonell strandsone. Byggjegrænse sett til 50 m for å fylgje eksisterande bygnad.
	Natur	Ingen spesielle verdiar registrert.
	Naturfare	Ikkje bygging innanfor omsynssone faresone skred (aktsemdsområde). TEK 17 er gjeldande for nye tiltak.
	Areal og transportplanlegging	Utanfor gangavstand til Kalvåg sentrum. Fortetting av eksisterande fritidsbustad.
	Barn og unge	God tilgang til nærfriluftsliv.

Kommunale mål og føringar	Arealstrategi	Fortetting av hyttefelt. Mål om attraktive hyttetomtar for auka aktivitet og trivsel.
	Kjerneområde landbruk	Utanfor definert kjerneområde.

Konklusjon

Føremålet byggjeområde for fritidsbustader vert vidareført som kombinert føremål byggjeområde bustad og fritidsbustad, med ei mindre justering av arealet. Opning for 9 nye einingar.

14. LS15 Spreidde bustadar og fritidsbustadar Endal



Utsnitt KPA2004 til venstre, og KPA2022 til 3.høyring i midten, og endra etter 3.høyring til høgre.

Plan	Arealdel kommuneplan 2004	Arealdel kommuneplan 2022-2034
Føremål	Spreidde fritidsbustader, SF28	Spreidde bustader og fritidsbustader, LS 15
Areal	14 daa	6,8 daa
Omfang	4 fritidsbustader	3 bustader/fritidsbustader

Vurdering

Nasjonale mål og føringar	Jordvern	Jordlova er gjeldande. Omfattar ikkje dyrka jord.
	Strandsone	Eksisterande bygnadsstruktur ligg om lag 30 m frå sjø. Godkjent frådelt hyttetomtar ligg på eit platå over strandsona. Formålsgrense er trekt litt tilbake frå sjø, og byggjegrænse er definert til formålsgrensa.
	Natur	Ingen spesielle verdiar registrert.
	Naturfare	Skredfare er kartlagt for deler av området. Aktsemdssone flaum er ivareteke gjennom byggjegrænse langs elv, og skredfare gjennom

		omsynssone/faresone. TEK 17 er gjeldande for nye tiltak.
	Areal og transportplanlegging	Utanfor gangavstand til Davik, og skule/barnehage, butikk etc.
	Barn og unge	God tilgang til nærfriluftsliv. Styrking av eksisterande bumiljø.
Kommunale mål og føringar	Arealstrategi	Mål om attraktive tomtar og opning for både bustader og fritidsbustader.
	Kjerneområde landbruk	Utanfor definert kjerneområde.

Konklusjon

Føremålet LNF med spreidd bygging vert vidareført med justert areal for å omfatte godkjent frådeltte hyttetomtar. Opning for både bustadar og fritidsbustadar i samsvar med arealstrategi. Redusert areal etter 3.gongs offentleg høyring.

15. LSF50 Spreidde fritidsbustadar, Endalsetra



Utsnitt KPA2004 til venstre og KPA2022 til høgre.

Plan	Arealdel kommuneplan 2004	Arealdel kommuneplan 2022-2034
Føremål	Spreidde fritidsbustader, SF13	Spreidde fritidsbustader, LSF 50
Areal	45 daa	7 daa
Omfang	6 fritidsbustader	6 fritidsbustader

Vurdering

Nasjonale mål og føringar	Jordvern	Utmark
	Strandsone	Byggjegrænse mot vatn/vassdrag er sett til 50 m generelt.
	Natur	Ingen spesielle verdiar registrert. Forbod mot bygging på myr i føresegnene. Restriksjonar i føresegner om storleik, utforming, avløp etc.

	Naturfare	Ikkje aktemdsområde for skred. Flaumfare er ivareteke gjennom byggjegrense.
	Areal og transportplanlegging	Seterområde utan vegtilkomst.
	Barn og unge	Tilrettelegging for friluftsliv.
Kommunale mål og føringar	Arealstrategi	
	Kjerneområde landbruk	Utanfor definert kjerneområde.

Konklusjon

Føremålet LNF med spreidde fritidsbustader vert vidareført med kraftig redusert areal for avgrensning av inngrep. Spesielle krav i føresegnene om storleik på fritidsbustad, restriksjonar for uteareal, avløpsløyser og krav om å unngå bygging på myr.

16. LSF38 Spreidde fritidsbustader, Dombestein



Utsnitt KPA2004 til venstre og KPA2022 til høgre.

Plan	Kommunedelplan Bremangerbygda 2007	Arealdel kommuneplan 2022-2034
Føremål	Spreidde fritidsbustader, SF10	Spreidde fritidsbustader, LSF 38
Areal	6 daa	4 daa
Omfang	3 fritidsbustader	1 fritidsbustad

Vurdering

Nasjonale mål og føringar	Jordvern	Jordlova er gjeldande. Fritidsbustadtomtar må plasserast utanfor dyrka jord.
	Strandsone	Formålet ligg utanfor strandsone.
	Natur	Ingen spesielle verdiar registrert.

	Naturfare	Aktsemdssone jord- og flaumskred er ivareteke gjennom omsynssone. Flaumfare er ivareteke gjennom byggjegrense langs elva. TEK 17 er gjeldande for nye tiltak.
	Areal og transportplanlegging	Fortetting av eksisterande fritidsbusetnad.
	Barn og unge	God tilgang til nærfriluftsliv.
Kommunale mål og føringar	Arealstrategi	Mål om tilrettelegging for hyttebygging.
	Kjerneområde landbruk	Utanfor definert kjerneområde.

Konklusjon

Føremålet LNF med spreidde fritidsbustadar vert vidareført med justert areal for å omfatte godkjent frådelte hyttetomt. Området ligg utanfor gardstuna/busetnaden og det er naturleg å avgrense til fritidsbustadar. Krav i føresegnene om at fritidsbustadar ikkje skal tillatast på dyrka eller dyrkbar jord.

17. LSB90 Spreidde bustadar, Dombestein



Utsnitt KPA2004



Utsnitt KPA2022

Plan	Arealdel kommuneplan 2004	Arealdel kommuneplan 2022-2034
Føremål	Spreidde bustader, SB10	Spreidde bustader, LSB90
Areal	40 daa	40 daa
Omfang	4 bustader (1 utbygt)	Ingen nye tomtar/einingar


Vurdering

Nasjonale mål og føringar	Jordvern	Jordlova er gjeldande. Området er bratt, og vanskeleg å hauste med moderne slåtteutstyr.
	Strandsone	Fylkesvegen utgjer grense mot funksjonell strandsone
	Natur	Ingen spesielle verdiar registrert.
	Naturfare	Skredfare er kartlagt på deler av området. Tryggleik mot skred og flaum er ivareteke gjennom omsynssoner/faresoner og byggjegrænse langs elv. TEK 17 er gjeldande for nye tiltak.
	Areal og transportplanlegging	Sykkelavstand til Davik, med skule/barnehage, butikk etc. Nær fylkesvegen og tilgang til kollektivtransport.
	Barn og unge	Sykkelavstand til skule og nærmiljøanlegg. God tilgang til nærfriluftsliv.
Kommunale mål og føringar	Arealstrategi	Mål om attraktive tomtar. Kun bustad, sidan det er avsett eit anna område i bygda med berre fritidsbustadar.
	Kjerneområde landbruk	Utanfor definert kjerneområde.

Konklusjon

Føremålet LNF med spreidd bygging vert vidareført frå KPA2004, men utan opning for nye tomtar/einingar.

18. LSB94 Spreidde bustader Rekevika, Ålfoten



Utsnitt KPA2004 til venstre og KPA2022 til høgre.

Plan	Arealdel kommuneplan 2004	Arealdel kommuneplan 2022-2034
Føremål	Spreidde bustader, SB1	Spreidde bustader, LSB94
Areal	18 daa	18 daa
Omfang	3 bustader	3 bustader

Vurdering

Nasjonale mål og føringar	Jordvern	Utmark
	Strandsone	Utanfor 100 m-sone og funksjonell strandsone.
	Natur	Ingen spesielle verdiar registrert.
	Naturfare	Ikkje registrert skred- eller flaumfare. TEK17 er gjeldande for nye tiltak.
	Areal og transportplanlegging	Gangavstand til Ålfoten, med skule/barnehage, butikk etc.
Barn og unge	Gangavstand til skule og nærmiljøanlegg. God tilgang til nærfriluftsliv.	
Kommunale mål og føringar	Arealstrategi	Mål om auka busetnad.
	Kjerneområde landbruk	Utanfor definert kjerneområde.

Konklusjon

Føremålet LNF med spreidd bustadbygging vert vidareført uendra.

19. LSF43 Spreidde fritidsbustader Førsetra, Ålfoten



Utsnitt KPA2004 til venstre, KPA2022 i midten og til høyre endra areal i samsvar med byggjegrense.

Plan	Arealdel kommuneplan 2004	Arealdel kommuneplan 2022-2034
Føremål	Spreidde fritidsbustader, SF8	Spreidde fritidsbustader, LSF43
Areal	43 daa	43 daa
Omfang	5 fritidsbustader	5 fritidsbustader

Vurdering

Nasjonale mål og føringar	Jordvern	Utmark
	Strandsone	Byggjegrense mot vatn/vassdrag er sett til 50 m generelt.
	Natur	Ingen spesielle verdiar registrert. Forbod mot bygging på myr i føresegnene. Restriksjonar i føresegner om storleik, utforming, avløp etc.
	Naturfare	Ikkje aktsemdsområde for skred. Flaumfare er ivareteke gjennom byggjegrense.
	Areal og transportplanlegging	Seterområde for garden Førde.
	Barn og unge	Tilrettelegging for friluftsliv.
Kommunale mål og føringar	Arealstrategi	
	Kjerneområde landbruk	Utanfor kjerneområde landbruk

Konklusjon

Føremålet LNF med spreidde fritidsbustader vert vidareført uendra. Forbod mot bygging på myr i føresegnene. Restriksjonar i føresegner om storleik, utforming, avløp etc.

20. BAB104 og BAB105 Anna byggjeområde Ålfoten



Utsnitt KPA2004 til venstre og KPA2022 til høgre.

Plan	Arealdel kommuneplan 2004	Arealdel kommuneplan 2022-2034
Føremål	Anna byggjeområde	Anna byggjeområde, BAB104 og BAB105
Areal	20 daa	20 daa (7 + 13)
Omfang	Ikkje definert	4 naust (1 + 3)


Vurdering

Nasjonale mål og føringar	Jordvern	Utanfor dyrka/dyrkbar jord.
	Strandsone	Naust må ligge i strandsona. Området er utbygt med naust frå før. Fortetting med 4 naust vil ikkje påverke strandsoneverdiane vesentleg, og kan redusere utbyggingspresset på andre areal.
	Natur	Ingen spesielle verdiar registrert.
	Naturfare	Skredfare er kartlagt. Stormflo. TEK 17 er gjeldande for nye tiltak.
	Areal og transportplanlegging	Sentralt plassert i Ålfoten. Fortetting av utbygt strandsona. Tilgang på naust nær bustad reduserer transportbehovet.
	Barn og unge	Naust har ikkje privatiserande verknad. Byggjegrænse mot sjø sikrar høve til ferdsel og opphald i fjæra.
Kommunale mål og føringar	Arealstrategi	Tilrettelegging for busetnad og trivsel.
	Kjerneområde landbruk	Utanfor definert kjerneområde.

Konklusjon

Føremålet vert vidareført uendra. Naust i BAB104 lokaliserast til nausttuft for gbnr. 115/5 (0/0 i kartet). Naust i BAB105 lokaliserast til eksisterande naustmiljø.

21. LSF40 Spreidde fritidsbustader Dalset, Ålfoten



Utsnitt KPA2004 til venstre og KPA2022 til høyre.

Plan	Arealdel kommuneplan 2004	Arealdel kommuneplan 2022-2034
Føremål	Spreidde fritidsbustader, SF7	Spreidde fritidsbustader, LSF40
Areal	71 daa	7,1 daa
Omfang	5 fritidsbustader	5 fritidsbustader

Vurdering

Nasjonale mål og føringar	Jordvern	Utmark.
	Strandsone	Generell byggjegrense langs elv/vassdrag.
	Natur	Ingen spesielle verdiar registrert. Forbod mot bygging på myr i føresegnene. Restriksjonar i føresegner om storleik, utforming, avløp etc.
	Naturfare	Aktsemdsområde jord- og flaumskred. Skredfare er ivareteke gjennom omsynssone. TEK 17 er gjeldande for nye tiltak.
	Areal og transportplanlegging	Eldre seterområde for gardar på Myklebust i Ålfoten.
	Barn og unge	Tilrettelegging for friluftsliv.
Kommunale mål og føringar	Arealstrategi	
	Kjerneområde landbruk	Utanfor definert kjerneområde.

Konklusjon

Føremålet LNF med spreidde fritidsbustader vert vidareført med kraftig redusert areal.

22. LSB99 Spreidde bustader Ytrehus



Utsnitt KPA2004 til venstre og KPA2022 til høyre.

Plan	Arealdel kommuneplan 2004	Arealdel kommuneplan 2022-2034
Føremål	Spreidde bustader, SB3	Spreidde bustader, LSB99
Areal	32 daa	32 daa
Omfang	4 bustader (1 utbygt)	3 bustader



Vurdering

Nasjonale mål og føringar	Jordvern	Utmark
	Strandsone	Fylkesvegen utgjer grense mot funksjonell strandsone
	Natur	Ingen spesielle verdiar registrert.
	Naturfare	Ikkje registrert skred- eller flaumfare. TEK 17 er gjeldande for nye tiltak.
	Areal og transportplanlegging	Utanfor gangavstand til Svelgen sentrum og skule/barnehage, butikk etc. Nær fylkesveg og høve til bruk av kollektivtrafikk.
	Barn og unge	Utanfor gang-/sykkelavstand til skule og nærmiljøanlegg. God tilgang til nærfriluftsliv. Styrke eksisterande bumiljø.
Kommunale mål og føringar	Arealstrategi	Mål om attraktive tomtar.
	Kjerneområde landbruk	Utanfor definert kjerneområde.

Konklusjon

Føremålet LNF med spreidd bustadbygging vert vidareført uendra.

23. LS23 Spredde bustader og fritidsbustader Myklebust



Utsnitt KPA2004 til venstre og KPA2022 til høyre.

Plan	Arealdel kommuneplan 2004	Arealdel kommuneplan 2022-2034
Føremål	Spredde bustader og fritidsbustader, SBF4	Spredde bustader og fritidsbustader, LS 23
Areal	78 daa	39 daa
Omfang	10 bustader/fritidsbustader	2 bustader/fritidsbustader

Vurdering

Nasjonale mål og føringar	Jordvern	Jordlova er gjeldande. Fritidsbustadtomtar må plasserast utanfor dyrka jord.
	Strandsone	Fylkesvegen utgjer grense mot funksjonell strandsone, med unntak av to område der eksisterande bygnad avgrensar funksjonell strandsone (gbnr. 45/34 og 45/9, gbnr. 45/31 og 45/24). Formålsgrense er lagt slik at byggjegrense kan fylgje formålsgrensa.
	Natur	Ingen spesielle verdiar registrert.
	Naturfare	Skredfare er kartlagt. TEK 17 er gjeldande for nye tiltak.
	Areal og transportplanlegging	Utanfor gangavstand til Svelgen sentrum og skule/barnehage, butikk etc.
	Barn og unge	God tilgang til nærfriluftsliv. Styrking av bumiljø er positivt.
Kommunale mål og føringar	Arealstrategi	Mål om attraktive tomtar og opning for både bustader og fritidsbustader.
	Kjerneområde landbruk	Utanfor definert kjerneområde.

Konklusjon

Føremålet LNF med spreidd bygging vert vidareført med avgrensa areal. Opning for både bustadar og fritidsbustadar i samsvar med arealstrategi. Krav i føresegnene om at fritidsbustadar ikkje skal tillastast på dyrka eller dyrkbar jord.

24. LSB101 Spreidde bustader Sørgulen



Utsnitt KPA2004 til venstre, KPA2022 i midten og KPA 2022 med endra areal etter 3.høyring til høgre

Plan	Kommunedelplan Bremangerbygda 2007	Arealdel kommuneplan 2022- 2034
Føremål	Spreidde bustader, SB1	Spreidde bustader, LSB101
Areal	55 daa	10 daa
Omfang	4 bustader	2 bustadar

Vurdering

Nasjonale mål og føringar	Jordvern	Jordlova er gjeldande.
	Strandsone	Fylkesvegen utgjer grense mot funksjonell strandsone
	Natur	Ingen spesielle verdiar registrert.
	Naturfare	Området er trekt vekk frå aktsemdsområde for stein- og snøskred (NGI). Ikkje flaumfare. TEK 17 er gjeldande for nye tiltak.
	Areal og transportplanlegging	Utanfor gangavstand til Svelgen sentrum og skule/barnehage, butikk etc.
Kommunale mål og føringar	Barn og unge	Utanfor gang- og sykkelavstand til skule og nærmiljøanlegg. God tilgang til nærfriluftsliv. Styrking av bumiljø i grenda er positivt.
	Arealstrategi	Mål om attraktive tomtar..
	Kjerneområde landbruk	Grensar mot definert kjerneområde.

Konklusjon

Føremålet LNF med spreidd bustadbygging vert vidareført med redusert areal. Maks to einingar er vurdert som realistisk.